

28312

GOL 11 desember 19 50

Til Universitetets Oldsaksamling,  
Oslo.

Sender idag i serskilt sending (postpakke) nokre jord-  
funne ting. Det er g ve fr  Per Rudningen, Gol.

Sakerne er altso funne av Per Rudningen under pl ying  
p  s teren hans, gnr. 12 bnr.9 p  Kamben i Gol. Dei l g p   
omlag 20 cm. djup, -uarbeid mark.

Vil De vera venleg   sende meg ei vedkjenning for at  
tinga er rett framkomne, og med opplysning om kva kva dei  
ymse ting er og omlag kva tid dei skriv seg fr .

Av fragmenta av det beslaget - eller kva det er- manglar  
det nokk noko, men han kunde ikkje finne meir.

Under ei samtale med bladet Hallingd len for ei  
m nads tid sia fekk eg bladet til   friske litt p  interessa  
for jordfunne ting, og dette kom d  med det same etter opp-  
modinga. Det er mogeleg at det er funne, og kunde finnast,  
ikkje so lite kringom i bygdene berre folk var merksame nokk  
p  det. Det kan og vera dei som let slikt "skrap" ligge og  
ikkje kjem seg til   sende det til nokon samling.

Med takk for den tilsendte  rboka.

V y r d s a m t

H. J. Bakken

Berr. 14/12-50,  
1951/A. J.

**HALVOR BAKKEN**  
BONDE  
TELEFON 80 C

GOL 11 januar 1951

Til Universitetets Oldsaksamling,  
O s l o.

Jordfunn, innsendt 11/12 f.å.

Som svar på brevet Dykkar, dagsett 14/12 f.å., vedk. gåve frå Per Rudningen, Gol, kan eg no gjeva desse opplysningar: i tillegg det som er nemnt i brevet mit 11/12 :

Alle tinga vart funne under same arbeid (plöying), men pile-spitsen låg eit lite stykke - kanskje 10 meter - frå kniven og delene av det beslaget. Den trekanta spenna og ein liten jernbit låg atter eit ganske lite stykke frå det andre -(2 a 3 meter) ↗

Alt låg på same djup, kom opp med plogfora.

Dette er alle dei opplysningar finnaren kan gjeva.

Då det vel alltid vil vera av interesse for dei som finn, og sender inn, oldsaker på garden sin, å få ei utgreiing frå Oldsaksamlinga om kva sakerne kan vera og kva tid dei skriv seg frå, bed eg om De vil vera venleg å sende Per Rudningen, Gol, ei slik liten utgreiing.

V y r d s a m t

H. J. Bakken

Bert. 157/11-51

, 15. januar 1951.

CB/EW.

Herr Per Rudningen,  
G o l .

Gjennom Halvor Bakken har vi mottatt en liten samling oldsaker som er funnet på Deres eiendom. I de nærmere funnopplysninger som vi mottok av herr Bakken for etpar dager siden går det frem at pilespissen, som var den eneste av de innsendte gjenstander som etter vår mening kunne være fra forhistorisk tid, er funnet så langt fra de övrige saker at det rimeligvis ikke kan dreie seg om et samlet funn. Vi er derfor bare interessert i å beholde pilespissen her , og de övrige saker blr returnert Dem i dag. Pilespissen er av en type som er vel kjent helt fra 600 årene e. Kr. og som kan ha holdt seg et stykke ned i middelalderen. Närmere datering av den er ikke mulig under de foreliggende forhold.

Med beste takk for den interesse De på denne måte har vist vårt arbeide,

Deres ærbödige

Charlotte Blindheim.